

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget føreset at noko av midlane til klimaplanen vert nytta i samband med etablerte frivillige organisasjonar med høg kompetanse på feltet.

Herunder midlar til:

- Marin forsøpling
- Prøvesykling el sykklar
- Klimavennlig gjenbrukskultur
- Samarbeid med biblioteket om folkeopplysning.
- Reduksjon av klimautslepp i bygningar.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Planen sendes tilbake til administrasjonen da fylkestinget er urolig for de tiltak som ligger i planen. Planen legger opp til store kostnadsøkninger for bilbruken. Dette vil gå ut over næringsliv, pendlere og andre som er avhengig av bil.

Fylkestinget vil peke på: Retningslinjer for planlegging, punkt 1. Differensierte bompenger, rushtidsavgift, reduksjon av parkeringsplasser og miljøløftet.

Fylkestinget vil påpeke at el- og hydrogenbiler bruker veiene som øvrige bilister og bør ut fra dette faktum behandles på like fot med disse.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Klimaplan

Side 795 (side 18 i selve planen)

Retningslinjer for planlegging.

Punkt 1. Kommuneplanen **bør (rettes fra skal)** fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.

Strategi C: Avgrense biltrafikken

Tas ut

9. innføring av differenserte bompenger i og kring Bergen i høve:

- rushtid
- miljøutslipp
- tal passasjerar i bilen

Tas ut

10. Reduksjon i talet på offentlige og private langtids-parkingsplasser i sentrale deler av Bergen

Side 796 (side 19 i selve planen)

Byvekstavtalen (Miljøløftet)

- Gange og sykkel
- Forlenging av trolleylinja
- Utbygging av Bybane til Fyllingsdalen - **Tas ut**

Side 803 (side 26 i selve planen)

Tas ut

Tiltak 5.9 Miljødifferenserte bompenger.

Side 816 (under oversikt etter tiltak)
punkt 5.16 Diff. bompenger:

Endret punkt:

Elbiler, hydrogenbiler og tyngre kjøretøy med elektromotor behandles på lik linje som annen bilpark.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt: Samarbeid og partnerskap

Fylkestinget syner til omtale om samarbeid og partnerskap i handlingsprogrammet. Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit samarbeid med Statens Vegvesen og Jernbaneverket om reduksjon av klimautslepp frå store utbyggingsprosjekt både gjennom planarbeid og i utbyggingsfasen.»

Røysting

Framnes sitt forslag «Punkt 1. Kommuneplanen» fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Framnes sine øvrige forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Oen sitt forslag fekk 10 røyster (SV, V, MDG, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einsskilte tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkestinget syner til omtale om samarbeid og partnerskap i handlingsprogrammet. Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit samarbeid med Statens Vegvesen og Jernbaneverket om reduksjon av klimautslepp frå store utbyggingsprosjekt både gjennom planarbeid og i utbyggingsfasen.
5. Fylkestinget føreset at noko av midlane til klimaplanen vert nytta i samband med etablerte frivillige organisasjonar med høg kompetanse på feltet.

Herunder midlar til:

- Marin forsøpling
- Prøvesykling el sykklar
- Klimavennlig gjenbrukskultur
- Samarbeid med biblioteket om folkeopplysning.
- Reduksjon av klimautslepp i bygningar.

6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.